

# Hummelgarden

Av Knut Raastad, 2017



Hummelgarden er nørdest i Fellesjordet i Nordherad. Dette var ei stugu utan jord ved gammelvegen ovanfor vegen som er i dag.

Ola Erlandson Løkken 1879-1940 var son til Erland Olsen Sønstelien (Kolbrenna) f.1847 og Gunhild Ivarsdr. Blankenborg (Strandstugun) f.1851. Ola var gift med Olea Knutsdtr. Brenden 1891-1975 frå Brattlandhaugen, dotter til Knut Brenden. Ola og Olea budde først i Kolbrenna, men flytta etter ei tid til Hummlgarden. Eldste sonen vart fødd i 1910, så da kan etableringa i Hummelgarden ha vore ei tid etter dette. Ola og Olea hadde 4 barn:

Einar, f.1910, til Canada i 1929. Slo seg til i Saskatchewan og vart gift der.

Marit, død 7 mnd. gamal

Magne f.1923, g.m. Tora Kolden (Lom) f. 1921. Bygde hus i Vågåmo i 1952 og bur der.

Mora Olea flytta også dit.

Kristian f.1925-1987, g.m. Lucie. I Oslo.

Ei tid på 1950-talet (1954?) budde familien Olsen i Hummelgarden. Margit og Ivar Olsen hadde 4 barn:

jente

Odd

Viktor

Ivar

Kjelder:

Johannes Haugstad, 1993: Varp og veft

Asbjørn Kvarberg